

# **Bystyreprogram 2019-2023**

## **Oslo Venstre**

Vedteke på Oslo Venstres årsmøte 3. februar 2019

## **Innhold**

### **Kapittel 1 - Utdanning og oppvekst**

- Oslo-skulen
- Læraren
- Grunnskulen
- Aktivitetsskulen (SFO)
- Vidaregående opplæring
- Skulehelsetenesta
- Skulebibliotek
- Barnehage
- Nærmiljø
- Barnevernet
- Studentbyen

### **Kapittel 2 - Miljø og samferdsel**

- Kollektivtransport
- T-banenettet i framtida
- Ein tilgjengeleg by
- Sykkelenbyen Oslo
- Ein miljøvenleg bilpolitikk
- Nullutsleppsbyen
- Marka
- Parkar og uteområde
- Fjorden og elvene
- Enkelt å leva miljøvenleg

### **Kapittel 3 - Kultur og næring**

- Kulturbyen Oslo
- Kulturopplevelingar for alle
- Frivillig innsats
- Idrett for alle
- Idrettsanlegg
- Næringsliv

### **Kapittel 4 - Byutvikling**

- Nye utbyggingsområde
- Kvalitet i bustadene
- Oslo sentrum
- Halde oppe kvalitetane i byen

### **Kapittel 5 - Helse og sosial**

- Helse
- Sjukehus
- Psykisk helse
- Rusomsorg
- Eldreomsorg
- Sosialpolitikk
- Kommunalt bustadtilbod

### **Kapittel 6 - Tryggleik, arbeid og mangfold**

- Tryggleik
- Arbeid og velferd
- Mangfold og moglegheiter

### **Kapittel 7 - Skatt og organisering av kommunen**

- Effektiv og smart kommune
- Skattar og avgifter

Ein open og demokratisk kommune

Kjære veljar

Venstre er eit liberalt parti. Visjonen vår for Oslo er å skapa ein by som gjev deg størst mogleg fridom, samtidig som vi tek ansvar for kvarandre og miljøet. Det er utgangspunktet for dette programmet.

Difor prioriterer vi skulen. Vi må sørge for at Oslo-skulen gjev alle innbyggjarar eit grunnlag til å kunna leva eit fritt liv, taka sjølvstendige val og sjå moglegheiter for seg sjølv.

Difor satsar vi på kollektivtransport og sykkel, og vi premierer miljøvenlege val. Oslo skal gå fremst i klima- og miljøpolitikken, fordi luftforureining, global oppvarming og miljøskadar truar med å svekkje livsgrunnlaget vårt og moglegheita til å leva eit godt og fritt liv. Vi meiner òg at det er betre å bu i ein by som tek vare på naturen, og kuttar utslepp og forureining.

Difor er vi opptekne av å sikre ytringsfridom, eit fritt kulturliv og at fleire kan skapa sine eigne arbeidsplassar. Gjennom heile livet skal du merke at du har fridom til å velja dei løysingane som passar deg, og du skal sleppe å bli utsatt for diskriminering og negativt sosialt press som reduserer fridomen til å leva livet ditt slik du sjølv ynskjer.

Oslo er ein fantastisk by å bu i, men vi veit at det er mogleg å gjera det enda betre å bu her.

Venstre vil at Oslo skal vera verdas beste by å bu og vekse opp i. Det er eit krevjande mål, men vi i Venstre har høge ambisjonar for byen vår og alle som bur her. Heldigvis er vi over 650 000 menneske som skal nå dette målet saman.

Du finn ikkje løysingar på alle utfordringar i Oslo i dette programmet. Men vi håpar du vil sjå at vi satsar mest der det trengst mest, og at vi er eit parti som legg til rette for at alle gode krefter skal kunne bidraga til at Oslo blir ein grønare, rausare og meir skapande by. Ingen kan skapa verdas beste by åleine.

I ei tid da liberale verdiar er under eit stort press både i Noreg og i resten av verda, trengst det eit parti som kjempar for fridom og fellesskap og mot enkle populistiske løysingar. Når du vel Venstre, er du med på å stø opp om dei liberale verdiane.

Vi håpar du vil bli med på laget.

## Kapittel 1 - Utdanning og oppvekst

Den viktigaste oppgåva vår er å sikre at alle barn får ein god oppvekst og ser mogleheter for sitt eige liv. Det betyr å sikre gode barnehagar og skular, gode nærmiljø og ordningar som gjev alle moglegheit til å delta i idretts- og aktivitetstilbod - uavhengig av kvar i byen ein veks opp eller kor mykje pengar ein har.

Bakgrunnen til barna skal ikkje avgjera framtida deira. Levekårsskilnadene i Oslo er store, og dei gjer at barn har svært ulike utgangspunkt for å lykkast i livet. Dessverre veks mange opp i familiar med därleg råd og med foreldre utan arbeid. Mange bur i ei trong leilegheit og har ikkje råd til å delta på fritidsaktivitetar.

### Oslo-skulen

Venstre vil ha ein friare skule der *kva* du lærer er viktigare enn *korleis* du lærer det, og der skulen sikrar like mogleheter for alle barn. Det krev at ein tilpassar undervisinga etter ferdigheitene, interessene og utgangspunktet til kvar enkelt elev. Alle barn har krav på utdanning som er tilpassa dei sjølve og nivået dei er på, anten dei treng ekstra utfordringar eller meir tid til å lære det viktigaste.

#### Venstre vil

- løyve meir pengar til osloskulen
- at ressursane skal tilpassast behova på kvar enkelt skule, det vil seia at skular med mange elevar med eit krevjande utgangspunkt skal få meir, samtidig som det skal vera ei nedre grense for tilskotet til enkeltskular som sikrar forsvarleg drift og eit godt tilbod for alle elevar
- taka i bruk teknologi i undervisinga som aukar læringsutbyttet og gjer det lettare å tilpasse undervisinga individuelt
- styrke den pedagogisk-psykologiske tenesta slik at fleire får betre og raskare hjelp
- styrke norskundervisinga i osloskulen gjennom heile skuleløpet, blant anna ved å auke kvaliteten på den særskilde norskopplæringa og prioritere auka ressursar til dette
- at elevar som går i mottaksklassar skal ha ein skuledag der dei i størst mogleg grad blir integrerte med resten av elevmassen
- sørge for at elevar med behov for det får spesialundervising av spesialpedagogar, og at tiltak blir sette inn så tidleg som mogleg
- opprette fleire plassar i Sommerskolen
- at alle elevar skal få god seksualundervising med kompetente undervisarar
- ikkje tillata narkorazziaer eller kameraovervaking i opningstida til skulen

### Læraren

Gode lærarar er det aller viktigaste for læringa til elevane. Svara våre på utfordringane i osloskulen er å sikre høg kompetanse og betre villkår for lærarane og skuleleiarane, og å styrke grunnskulen som allmenndannande del av skuleløpet.

#### Venstre vil

- rekruttere dei beste lærarane til Oslo
- utvide den formelle vidareutdanninga med løn (Lærerløftet Oslo), slik at fleire lærarar og skuleeigarar nyttar seg av denne moglegheita
- gå gjennom det totale byråkratiet i Oslo-skulen innan 2020 for å redusere skjemaveldet og fjerne tidstjuvar
- gjeva lærarane meir tid til å lære i eigne fagmiljø og profesjonelle fellesskap
- leggje til rette for auka digital kompetanse blant lærarar
- arbeide aktivt for å rekruttere fleire menn og fleire med minoritetsbakgrunn inn i skulen
- gjeva lærarane meir tid til heim/skule-samarbeid

### Grunnskulen

Å få ein god start på skulegangen er avgjerande for å lykkast seinare i utdanningsløpet. Vi veit at det er store skilnader i modnad innan eit årstrinn, og at mange barn startar på

skulen utan å kunne godt nok norsk til å følge ordinær undervising. Oslo-skolen må taka tak i desse utfordringane.

#### Venstre vil

- gjera det enklare å utsetja eller framskunde skulestarten
- be staten om å innføre forsøk med ulike modellar for fleksibel skulestart
- leggje til rette for at elevar skal få hospitere i andre klassetrinn i fag der dei ligg på eit anna nivå enn eige klassetrinn
- gjera det enklare å hoppe over klassetrinn eller gå om att, dersom skulen og heimen meiner det er det beste for eleven
- prioritere tidleg innsats konsekvent, blant anna gjennom intensivopplæring i grunnleggjande ferdigheiter som lesing, skriving og rekning, og spesialundervising så tidleg som mogleg for dei som treng det
- at kartleggingsprøver først og fremst skal nyttast som pedagogiske verktøy for å gjeva kvart barn utfordringar på riktig nivå og identifisere eventuelle behov for tilrettelagd opplæring
- innføre karakterar på ungdomsskulen gradvis, trappe ned karaktersetjinga mellom halvsårsverderingar i ungdomsskulen og gjennomføre fleire forsøk med alternative vurderingsformer
- organisere tilbod om teiknspråk som fag i grunnskulen på ein god måte, slik at alle, uavhengig av skuletilhørsle i Oslo, kan få denne moglegheita ved gratis skyss til felles teiknspråkundervising sentralt i Oslo
- utvide svømmeundervisinga slik at alle lærer å svømme i løpet av barneskulen
- innføre andre framandspråk frå femtekasse og gjeva fleire valmoglegheiter enn i dag
- at også ungdomsskuleelevar skal kunna taka ut politisk fråvær
- sørge for at retten til plass på nærskulen er reell, også for elevar med spesielle behov
- opne for eit ekstra år med 11. klasse eller intensivkurs for dei som ikkje har bestått fag

#### Aktivitetsskulen (SFO)

Aktivitetsskulen er eit viktig tilbod for mange elevar og bør difor vera tilgjengeleg for fleire. Spesielt viktig er det å auke deltakinga i AKS blant dei elevane som treng meir oppfølging og trening i ferdigheiter.

#### Venstre vil

- lata alle elevar få høve til å få gratis halvdagsplass i aktivitetsskulen, først dei med låg inntekt uavhengig av kvar i byen dei bur, etter kvart alle elevar
- stille krav om at AKS-leiarane har relevant kompetanse
- at AKS samarbeider med frivillige organisasjonar, aktørar innan kulturlivet og idrettslag for å gjeva barn ein variert og innhaldsrik kvardag
- gjeva søskenmoderasjon til familiarar som har barn i både barnehage og aktivitetsskule

#### Vidaregående opplæring

I den vidaregåande skulen er valfridom og individuell tilpassing særleg viktig. I vidaregående opplæring har vi framleis eit for stort fråfall, og framleis er det nokre som ikkje får den oppfølginga dei fortener og har krav på.

#### Venstre vil

- halde på fritt skuleval, for å sikre valfridomen til dei unge og å unngå at økonomien og bustaden til foreldra avgjer kva moglegheiter den enkelte har
- lata elevar taka vidaregåande på ulike måtar, som privatist, deltidseley, i vaksenopplæring, i kombinasjon med arbeid, over lengre eller kortare tid enn normert, i mindre grupper, med fleksitid eller med fag på universitetsnivå
- ha forsøk med forskyvd skuledag og fleksitid for alle elevar i vidaregående skule

- opprette fleire temaskular på vidaregåande nivå knytt opp mot næringsliv og familjø, der elevane får moglegheit til å fordjupe seg i interessene og talenta sine
- opne for at elevar i osloskulen kan erstatte delar av kroppsøvingstimane eller timer i estetiske fag med trening eller øving i eigen idrett eller kulturinteresse
- etablere fleire skuleplassar på vidaregåande i sentrum og andre stader det er lett å koma seg til frå heile byen, for å sikre brei rekruttering til alle skular
- endre stykkprisfinansieringa slik at vidaregåande skular ikkje mistar finansieringa med det same ein elev sluttar undervegs i skuleåret

#### **For yrkesfaga vil Venstre**

- be staten om forsøk med å fjerne arbeidsgjevaravgifta for lærlingar
- stille krav om lærlingplassar ved kommunale anbod, ha fleire Varde-prosjekt og auke inntaket av lærlingar i verksemndene i kommunen
- at skulane skal ha eit tydelegare oppfølgingsansvar i overgangen mellom skule og bedrift
- sikre tidsriktig og relevant utstyr på alle skular
- utvide ordninga med vekslingsmodell mellom skulegang og tid i bedrift
- ha forsøk med anonymiserte søknader på læreplassar for å motarbeide diskriminering
- ha eit utvida utstyrsstipend der dagens ordning ikkje dekkjer naudsynte kostnader
- opprette eigen psykolog- og helsejukepleiarstasjon for lærlingar i Oslo

#### **Skulehelsetenesta**

Ein god skule må sjå og taka vare på alle elevar. For å skapa eit godt psykososialt læringsmiljø for elevane, er det naudsynt med ei god skulehelsetenesta som kan hjelpe elevane med helseplager og andre utfordringar som elevane møter i skulekvardagen. Oslo-skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar, diskriminering, mobbing og trakassering. Difor må fleire andre yrkesgrupper inn i skulen for å støtte elevane og lærarane.

#### **Venstre vil**

- auke talet på helsejukepleiarar og rekruttere menn til skulehelsetenesta
- gjeva skulehelsetenesta moglegheit til å dokumentere gyldig fråvær
- setja krav om kompetanse innan karriererettleiing til rådgjevarar i skulen
- gjeva tilgang på psykolog gjennom skulehelsetenesta
- at skulehelsetenesta på vidaregåande nivå skal bli organisert og finansiert gjennom kommunen sentralt og ikkje gjennom bydelane
- opprette ei digital skulehelsetenesta
- tilsetja miljørbeidrarar på fleire skular
- ha fleire skulerådgjevarar med fleirkulturell kompetanse
- auke talet på årsverk i skulehelsetenesta og opne for at andre yrkesgrupper som psykologar, sosionomar og idrettspedagogar kan bli tilsette

#### **Skulebibliotek**

Gode skulebibliotek gjev både auka læring og trivsel på skulane. Skulebibliotek er viktige i leseopplæring og i utvikling av informasjonskompetanse, kjeldekritikk og studieteknikk.

#### **Venstre vil**

- styrkje skulebibliotektenesta ved å ha gode innkjøpsbudsjett, lengre opningstider og kvalifisert personale på alle skulebibliotek

#### **Barnehage**

Ingen familiar er like, og vi har forskjellige behov. Difor er Venstre oppteke av eit mangfold i barnehagetilbodet i Oslo, slik at du kan velja eit tilbod som passar for deg og kvardagen din, og der barnet ditt trivst. Nok kompetente tilsette, gode uteområde og variasjon i aktivitetstilbodet til barna er viktig for å sikre høg kvalitet på barnehagane våre.

Det byr på utfordringar for mange av oss å ikkje få plass i ein barnehage i nærleiken av der vi bur eller arbeider. Det er eit kapasitetsproblem som må løysast. Kvaliteten på

barnehagane varierer, og nokre barnehagar har for få vaksne eller for låg kompetanse blant dei tilsette. Nok barnehageplassar og høg kvalitet på barnehagane er det viktige, ikkje kven som driv eller eig barnehagane. Venstre vil sørge for utbygging av fleire private og kommunale barnehageplassar og stille strenge krav om kvalitet.

#### Venstre vil

- sikre kvalitet i både kommunale og private barnehagar, ved at kvar enkelt barnehage har nok kompetente tilsette gjennom pedagog- og bemanningsnorma, ein leiar som er til stades, vikarar ved behov og godt vedlikehald av bygningsmassar og uteareal
- oppheve forbodet mot private aktørar i Oslo-barnehagen
- legge til rette for eit mangfaldig tilbod, slik at foreldre kan velja barnehageplass ut frå profilen til barnehagen
- auke delen av tilsette med formell kompetanse gjennom rekruttering og tilbod om etterutdanning
- opprette ein sentral pott der barnehagar kan søkje om pengar til nye leikeapparat og generell oppgradering av uteområda
- opne for kveldsopne barnehagar, kombinert med makstid per døgn og veke
- innføre opplæring i grensesetjing og seksualitet frå og med barnehagen
- sørge for gode ordningar for overgangen frå barnehage, også for barn med spesielle behov
- sikre god og næringsrik mat i kommunale barnehagar

#### Nærmiljø

Ein viktig del av oppveksten til alle barn er nærmiljøa rundt heimen og skulen. Barn har behov for trygge omgjevnader når det gjeld både trafikk, leikeplassar og sosiale villkår. Difor vil Venstre vidareføre områdeprogramma i dei bydelane det gjeld, og samtidig styrke arbeidet med gode nærområde over heile byen.

#### Venstre vil

- gjennomføre prosjekt i område med sosiale utfordringar der tenester som barnevern, psykolog og NAV blir flytte inn i skulen, og ha aktivitet på skuleområdet også utanom skuletid - slike «Community Schools» er gjennomførte med hell i Storbritannia
- etablere fleire leikeplassar for barn
- oppgradere grøntområda i byen og bevara hundremeterskogane
- arbeide for at alle barn i Oslo har trygg skuleveg, blant anna ved å stengje eksisterande bilvegar for trafikk eller redusere fartsgrensa
- støtte sosiale og kulturelle entreprenørar, frivillige organisasjonar og idrettslag som ynskjer å skapa lågterskeltilbod og møteplassar for barn og unge
- ha lokalkjent politi i fleire bydelar for å etablere kontakt med utsette ungdomsgrupper
- styrke oppsökjande tenester/utekontakt i bydelane
- bidraga til at fleire menn arbeider med barne- og ungdomstiltak som gode rollemodellar
- ha ei ordning for aktivitetsbuss for barn og unge der idretts- og kulturlag kan bli bussa til fritidsaktivitetar
- styrke finansieringa av fritidsklubbar for ungdom

#### Barnevernet

Barnevernet har ei viktig rolle i arbeidet med å sikre at barn og unge har det trygt heime. Venstre ynskjer eit barnevern som har tid og ressursar til å setja barnet i sentrum. Eit godt barnevern er eit barnevern som har tillit i befolkninga, og som har tid og moglegheit til å gjera gode undersøkingar og tiltak når det er naudsynt. For å kunna gjeva god hjelp treng barnevernet sterke medarbeidarar som kan kommunisere godt.

#### Venstre vil

- auke løvvingane til barnevernet i Oslo

- styrke barnas medverknad i avgjerder som gjeld dei, og sikre at barnas beste blir følgt opp
- kvalitetssikre tolketenensta i kommunen for å sikre rettstryggleiken til foreldre i familiar som ikkje snakkar norsk
- gjera barnevernet meir tilgjengeleg, slik at barn og foreldre får betre kjennskap til rettane sine og kva barnevernet kan hjelpe dei med
- arbeide for ei god fleirkulturell forståing i barnevernet
- sikre nok ressursar til eit godt ettervern
- sikre naudsynt kompetanseheving hjå dei tilsette
- styrke fosterheimstenesta for å gjeva betre støtte til fosterheimar, og betre rekrutteringa av fosterheimar, spesielt fosterheimar med fleirkulturell bakgrunn

### **Studentbyen**

For studentar er det viktig å få ein rimeleg stad å bu, og Venstre meiner det er den viktigaste oppgåva Oslo kan bidra med for studentane. Samtidig er studentar òg innbyggjarar som brukar kollektivsystemet, kulturtildobet, idrettsbanene og utelivet i byen. Vi meiner det er riktig å tenkje på studentane når vi utviklar resten av tilboden i kommunen.

#### Venstre vil

- bidraga til at det blir bygd nok studentbustader i Oslo, blant anna gjennom byutviklinga og eit godt samarbeid mellom Studentsamskipnaden og kommunen
- løyve statlege tilskot til studentbustader på forskot
- tilby fleire studierelevante praksisplassar i kommunen
- bidraga til gode villkår for studentkultur og studenttilbod
- ha bysykkelstasjon i alle studentbyar
- betre tilgangen til anlegg for studentidretten
- arbeide for eit nytt studenthus i sentrum

## **Kapittel 2 - Miljø og samferdsel**

Venstre meiner Oslo skal gå heilt fremst i arbeidet med å kutte utslepp og taka vare på naturen og miljøet. Når mange regjeringar i verda heng etter, kan byar som Oslo spela ei viktig rolle i arbeidet med å nå 1,5-gradersmålet. Kutt i utslepp av klimagassar er eit bidrag i seg sjølv. I tillegg kan Oslo gå føre og vise at grøn omstilling er mogleg utan at det går på kostnad av livskvaliteten eller fridomen til innbyggjarane. Det kan inspirere andre byar i inn- og utland, slik at den globale omstillinga går raskare.

Visjonen vår er å skapa ein by der det er lett for deg å taka miljøvenlege val, og der vi tek vare på det biologiske mangfaldet og reduserer klimagassutsleppa kraftig.

### **Kollektivtransport**

Venstre vil vera ein garantist for at kollektivtrafikken i Oslo skal vera rimeleg, ha hyppige avgangar og nå ut til flest mogleg. Det handlar om at du skal koma deg dit du skal på ein god og miljøvenleg måte.

#### Venstre vil

- redusere prisen på månadskort til under 590 kroner og fryse prisen på enkeltbillettar, med mål om å redusere prisen på enkeltbillettar innanfor sone 1 i løpet av fireårsperioden
- gjeva gratis kollektivtransport til alle under 18 år og dei med gyldig skulebevis
- sørge for at Ruter-appen automatisk gjer om enkeltbillettar til periodebillettar når ein har kjøpt så mange at prisen blir lik, slik det blir gjort mellom anna i London
- betre framkoma for trikk og buss ved å avgrense gateparkering og gjennomkjøring der det er naudsynt, og å opprette kollektivgater
- taka i bruk sjølvkøyrande minibussar som ein del av kollektivtilboden
- arbeide for at det blir bygd togstasjon på Breivoll i samband med Elvebyen

- at alt nytt materiell skal vera utsleppsfritt, slik at kollektivtransporten er utsleppsfree så raskt som mogleg
- etablere bussterminalar på Lysaker, Bryn og Helsfyr, der dei grøne bussane skal snu i staden for å køyre gjennom sentrum
- sørge for ei utviding av buss- og T-banetilbodet på nattetid
- gjennomføre kjøp av nye, stillegåande trikkar og utvikle trikkenettet vidare, blant anna til Tonsenhagen og langs Ring 2
- oppgradere haldeplassar og infrastruktur slik at tilbodet blir betre
- leggje til rette for innfartsparkering
- sikre universell utforming av kollektivtilbodet, både av transportmidla og haldeplassane, slik at alle, uansett funksjonsevne, skal kunna reise trygt og miljøvenleg
- utvikle tilbod med kollektivtaxi der vanlege kollektivtilbod er mangelfulle, for eksempel lokal transport i indre by

### T-banenettet i framtida

T-banen er grunnstammen i kollektivtrafikken i Oslo. T-banenettet må bli utvida for å nå nye område, og kapasiteten gjennom sentrum må bli auka for å ha fleire avgangar.

#### Venstre vil

- fullføre Fornebubanen så raskt som mogleg og leggje til rette for byutvikling langs traseen
- byggje Volvatsvingen, for å binde Fornebubanen til T-baneringen
- byggje ny sentrumstunnel fra Majorstua til Tøyen og utgreie alternativ til Ruters tilrådde traséval, blant anna eit alternativ som treffer Øvre Grünerløkka, St. Hanshaugen og Bislett, og eit alternativ som treffer Øvre Grünerløkka, Ullevål sjukehus og Bislett, traseen skal leggjast slik at Bislett stadion ikkje står i fare for å måtte rivast i byggjepериодen
- byggje T-bane til Ahus via Lørenskog
- byggje T-bane på tvers av Groruddalen som bind saman dagens linje 2 og linje 5, og utgreie ulike alternative traséval
- auke kapasiteten og frekvensen på T-banenettet
- greie ut moglegheita for auka frekvens og kapasitet på banen mellom Frognerstasjonen og Majorstua

### Ein tilgjengeleg by

Målet vårt er at mest mogleg av persontransporten i Oslo skal takast med kollektivtrafikk, sykkel og gang. Det sikrar effektiv transport i byen og gjev eit betre miljø og eit viktig bidrag til å sikre eit betre klima for framtida. Da må vi prioritere fotgjengarar, sykkel, kollektivtransport og nyttetrafikk framfor privatbilisme, spesielt i indre by.

Venstre vil leggje til rette for at det er enklare å reise til fots og med sykkel i sentrum. Det skal framleis vera mogleg å køyre nyttetrafikk i Oslo sentrum og bil ved behov, men framkome for gåande, syklande, kollektivtrafikk og nyttetrafikk må bli prioritert for å få ein ny og moderne bruk av areala.

#### Venstre vil

- prioritere gåande og syklande ved utforming av bygater
- ha fleire bygater, blant anna ei samanhengande gågate frå Kvadraturen til Grünerløkka og ei gågate i delar av Grønlandsleiret
- teste ut ulike gatekonsept slik som for eksempel sykkelgate og ulike formar for «shared space», for å sikre god framkome for mjuke trafikantar
- etablere fleire HC-plassar i byen og utferde midlertidige HC-kort til personar med midlertidige behov
- tillata bilar med HC-kort å køyre i kollektivgater i indre by
- sikre tilgjengelegheit til sentrum og parkering for nødvendig varelevering, handverkarar og rørslehemma
- redusere den totale biltrafikken

- prioritere brøyting og strøing av fortau, gangvegar og gågater

### **Sykkel- og fotgjengarbyen Oslo**

Oslo har særskilt mange fotgjengarar. Likevel har gåande ofte vorte avfeia med smale fortau og lite plass i byutviklinga. Difor vil Venstre etablere ei eiga gå-satsing som skal forbetre forholda for gåande, blant anna gjennom å laga breiare og tryggare fortau, opne fleire snarvegar og prioritere fotgjengarar i overgangar og kryss.

Oslo blir ein stadig betre sykkelby, men tempoet i utbygginga av nye og betre sykkelvegar må aukast, og kvaliteten på sykkelvegane må bli forbetra. Venstre vil prioritere å bygge eit tett, samanhengande sykkelvegnett med høg standard i heile byen, slik at sykkel blir eit trygt og naturleg val for fleire.

#### **Venstre vil**

- taka omsyn til fotgjengarar og syklistar i alle samferdsels- og byutviklingsprosjekt
- etablere ein «Oslo-standard» som skal ligge til grunn for planlegging og utbygging, for å gjera det attraktivt å gå, etter modell fra Oslo-standarden for sykkel
- bygge minst 100 kilometer ny sykkelveg innan 2025, og fleire sykkelvegar med høg kvalitet
- bygge fleire P-hus for sykkel og etablere vedlikehaldsstasjonar og større busshaldeplassar
- sørge for god brøyting og strøing av sykkelvegnettet
- skilte fleire gater og vegar med prioritering for syklistar, blant anna mot einvegskøyring
- forbetre og utvide bisykkelordninga med nedsett aldersgrense til 16 år, elsykkeltilbod, utvida opningstid og heilårsdrift
- bygge ferdig sykkelveg til Bygdøy og taka omsyn til kulturlandskapet i traséval
- sørge for sykkelskilt i heile byen som viser hovudsykkelrutene

### **Ein miljøvenleg bilpolitikk**

Den raske framveksten av elbilar løyser mange av miljøproblema med biltrafikk, men ikkje trafikkproblem, støy og svevestøv frå store innfartsårer. Venstre vil difor redusere den totale biltrafikken i Oslo og samtidig leggje til rette for ei rask elektrifisering av bilparken og nyttetrafikken. Der gateparkering blir fjerna, skal det vera for å leggje til rette for syklistar, gåande, kollektivtrafikk eller auka byliv.

#### **Venstre vil**

- følgje opp Oslopakke 3-avtalen og halde på miljødifferensierte bompengar og rushtidsavgift, med framleis låg pris for elbilar
- etablere minst 1100 nye offentleg tilgjengelege ladeplassar for elbilar per år for å halde tritt med veksten i talet på elbilar
- auke støtta til etablering av ladeplassar i burettslag/sameige
- leggje til rette tomter for etablering av hurtigladning
- redusere miljøbelastinga frå vegtrafikk i Oslo aust gjennom å realisere E6 Oslo aust-prosjektet og Fossum-diagonalen, i tillegg til å nedskalere Rv. 4 Trondheimsveien
- vidareføre arbeidet med Røatunnel
- bygge eit miljølokk over E6 som knyter Furuset direkte til Østmarka og gjer det mogleg å utvikle Furuset frå senter til sentrum
- gå mot nye store motorvegutbyggingsar inn mot Oslo dersom dei aukar biltrafikken, og krevja høge rushtidsavgifter og prioritering av kollektiv på eventuelle utbyggingsar
- vidareføre ordninga med bebuarparkering og inkludere elbilar i ordninga til ein redusert pris
- leggje til rette for at fleire av bilistane i Oslo nyttar bildelingsordning heller enn å eige eigen bil
- sørge for etablering av hydrogenfyllestasjonar på eigna stader når tilbodet av hydrogenkøyretøy aukar
- leggje til rette for elektrifisering av varebiltransporten

## **Nullutsleppsbyen**

Global oppvarming er den største utfordringa verda står overfor. Venstre vil at Oslo skal gå føre som eit godt eksempel på korleis det er mogleg å redusere klimagassutslepp, samtidig som byen blir betre å bu i. Oslo kommune skal bruke grøne rekneskap for å prioritere miljøtiltak og dermed oppnå best mogleg miljøgevinst.

### **Venstre vil**

- at Oslo skal vera ein nullutsleppsby innan 2030
- at all oppvarming i Oslo skal skje med fornybar energi i løpet av 2020
- bygge ut fjernvarmenettet og bidraga til andre miljøvenlege oppvarmingsløysingar der fjernvarme ikkje er tilgjengeleg
- at bilparken i kommunen skal vera utsleppsfri, og at alle kommunale etatar og verksemder skal vera miljøsertifiserte
- auke produksjonen av rein energi i Oslo-området, blant anna biogass frå avfall, jordvarme, vind og sol
- at nye større utbyggingsområde skal planleggjast som nullutsleppsområde
- at eigedomane til kommunen skal byggjast som passiv- og plusshus, og at heile livsløpet til bygningsmassen skal vera energieffektiv
- sikre karbonfangst og -lagring på Klemetsrud i samarbeid med staten
- arbeide for fosforattvinning på Bekkelaget reinseanlegg
- fjerne miljøgifter på gamle industritormer
- at Oslo skal bli ein føregangsby for sirkulære løysingar
- leggje til rette for at byggjepllassar i kommunen blir fossilfrie
- at alle kantinar og institusjonar i kommunen skal tilby eit fullverdig vegansk alternativ

## **Marka**

Venstre vil verne Marka og stimulere til aktiv, men skånsam bruk for alle. Vi vil sikre verdifull gamalskog gjennom inngrepssfrie område, retablere naturområde, mark og myr og sikre artsmangfold og dyreliv.

### **Venstre vil**

- leggje til rette for eit aktivt friluftsliv
- etablere ein nasjonalpark i Østmarka
- at skogsdrifta i Marka skal skje på ein skånsam måte som fremmar biologisk mangfold, tek vare på skogens sær preg og unngår inngripande flatehogst
- støtte fiskeforvaltinga i Oslomarka
- samarbeide med lokale turlag og historielag om å kartleggje og gjera kulturminne i Marka tilgjengelege
- taka vare på kulturlandskapet i Maridalen og Sørkedalen gjennom aktiv skjøtsel, samtidig som at det blir lagt til rette for mjuke trafikantar med fortau og sykkeltrasear
- bidraga til levedyktige, sunne ulvestammar i Noreg ved å kjempe for å bevara ulv i heile ulvesona, inkludert i Oslomarka
- taka vare på trua artar gjennom skjøtsels- og vernetiltak, og kjempe imot framande skadelege artar
- halde på Marka-grensa
- sikre at fleire turstiar får belysning

## **Parkar og uteområde**

Venstre vil etablere fleire parkar og taka vare på dei grøntområda som finst. Vi vil sikre godt vedlikehald og gjera parkane i byen meir attraktive gjennom betre vedlikehald og etablering av fleire fasilitetar som leikeapparat, treningsapparat, parkmøblar og toalett.

### **Venstre vil**

- taka vare på store tre, plante nye tre og påleggje utbyggjarar å plante fleire tre enn dei som eventuelt blir felte i eit utbyggingsområde

- styrkje vernesona rundt Østensjøvannet naturreservat og arbeide for etablering av bynasjonalpark på eksisterande naturområde ved Maridalen, Akerselva miljøpark, Bygdøy, Hovedøya, Ekebergskrenten, Alna miljøpark og Østensjøvannet
- sikre godt vedlikehald av fontener, parkmøblar, trapper, stiar og leikeplassar i byparkane
- plante bie- og humlevenlege plantar i grøntområde
- gjennomgå midlertidige bygg i friområde og laga ein plan for når og korleis dei skal fjernast
- etablere fleire eigne område tilpassa lufting av hund
- halde det reint, ryddig og søppelfritt i heile byen
- redusere bruken av vegsalt, særleg i område der det skader tre og plantar, og etablere fleire fortau med varme i bakken i dei mest brukte bygatene
- senke grensenivået for tiltak mot tungmetall i jord for nye leikeplassar, barnehagar og bustadområde
- leggje til rette for urbant landbruk og urban birøkting
- tillata konsum av alkohol i park som ikkje skapar ordensforstyrningar
- etablere fleire hundeparkar

### Fjorden og elvene

Venstre vil ha ein rein Oslofjord og reine elver, frie for plast og anna forureining. Vi vil sørge for ei berekraftig forvalting av fisk og krepsdyr med sikte på å byggje opp att sviktande bestandar, leggje til rette for bading og skånsam bruk.

#### Venstre vil

- opne opp att bekkar og elver
- sikre ein rein Oslofjord, fri for plast og anna forureining
- stoppe forureininga frå plast og mikroplast i Oslo
- halde fram med oppryddinga og reinsinga av hamnebassenget
- gjera Oslofjorden til eit marint verneområde
- bevare tilgangen til øyene i Oslofjorden og sikre auka tilgang til strandsona
- ruste opp badestrender og badeanlegg og gjera dei universelt utforma
- stille krav om landstraum til alle cruiseskip og ferjer som kjem til Oslo, og fjerne cruiseterminalen frå sentrum
- stille miljøkrav til all skipsfart til Oslo hamn
- stimulere til at nye store bygg har anlegg for handsaming og resirkulering av gråvatn, og at avløp for gråvatn blir separert
- taka i bruk alternativ til mikroplast på kunstgrasbaner, med sikte på å fase ut all bruk av gummigranulat
- kartleggje alle utløp i elvene i byen og arbeide for å stengje skadelege utløp for godt
- byggje sjøbad ved Vippetangen, Grønlia, Filipstad og Kongens Marina og leggje betre til rette for bading i elvene og på øyene i Oslofjorden, blant anna med flytebryggjer, badeflåtar og oppblåsbare badeanlegg
- leggje til rette for eit aktivt båtliv i Oslo gjennom fleire småbåtplassar og med gjestebryggjer på fleire av øyene i Oslo og greie ut moglegheita for fleire opplagsplassar for båt
- ikkje byggje ut Bestumkilen, men utvikle området for ålmenta
- etablere ladestasjon for elbåt
- at Oslo kommune skal taka initiativ til at det blir etablert eit eige fjordoppsyn for Oslofjorden, som skal sørge for at brot på verneføresegner og annan miljøkriminalitet kan følgjast opp mykje meir effektivt

### Enkelt å leva miljøvenleg

Miljøkampen må vera ein felles innsats frå alle som bur i Oslo. Kommunen må sørge for at det er enkelt og attraktivt å taka grøne val i kvardagen. Vi må ha gode og enkle kommunale støtteordningar for fjerning av oljefyrar og oljetankar, etablering av solenergi på bygg, etablering av lokal energilagring og ENØK-tiltak. Ein viktig del av

løysinga på klimaproblema ligg i å taka i bruk ny teknologi og gjera det enklare for deg å velja miljøvenleg.

#### Venstre vil

- at attvinningsstasjonane skal ha lengre opningstider
- taka vare på eksisterande og etablere nye parsellhagar, kolonihagar og skulehagar
- stimulere til dyrking på tak
- ha forsøk med «gul pose» for glas og metallumballasje og «raud pose» for batteri og ljospærer, for å kjeldesortere dette i det vanlege sørpelet
- stille krav om kjeldesortering frå næringseigedom
- ha moglegheit for kjeldesortering i alle søppelkassar i byen
- krevja avfallssug i nye, større utbyggingsprosjekt
- etablere fleire gjenbruksstasjonar
- auke tilskotet til utskifting av vedomnar til reintbrennande omnar, og forby vedfyring i peis og ikkje-reintbrennande omnar på dagar med luftforureining over grenseverdiane
- innføre ei støtteordning for etablering av grøne tak og grøne veggar på eksisterande bygg
- støtte burettslag, sameige og private bustader til å implementere gode miljøtiltak som solcellepanel på tak og å draga nytte av overvatn på tak
- forby privatfyrverkeri i heile kommunen

## Kapittel 3 - Kultur og næring

Noko av det som gjer Oslo til ein attraktiv by, er det rike kulturlivet. Venstre ynskjer at alle skal kunna delta i kulturlivet og idretten. Venstre vil òg fremja talent og meiner det blir gjort best ved å støtte opp om mangfaldet og la kulturlivet utvikle seg fritt. I sams spel mellom kultur og næring kan Oslo utvikle seg til ein leiande by for nyetableringar og innovasjon både i kulturen og i næringslivet.

#### Kulturbyen Oslo

Oslo skal ha eit fritt, sterkt og sjølvstendig kulturliv. Vi skal støtte mangfaldet og breidda, samtidig som vi dyrkar fram talenta. Oslo skal vera ein av Europas beste kulturbayar. Alle i Oslo skal ha moglegheit for gode kulturopplevingar.

#### Venstre vil

- styrkje tilskotsordningane til kultursektoren og forenkle søknadsprosessane
- stille kommunale bygg og plassar til rådvelde for kulturarrangement
- at kommunale bygg som står mellombels tomme, skal bli tilbydde kulturaktørar til mellombels leige
- at verksemndene i kommunen skal yte god sørvis til initiativ frå kulturlivet
- bygge ut kulturell infrastruktur i heile byen, blant anna ved å stille krav om areal til kulturell infrastruktur ved større områdeutbyggingar
- gjera nye Deichmanske hovudbibliotek til eitt av verdas beste bibliotek
- styrkje bibliotektilbodet i heile byen og meirope alle filialar
- støtte opp om festivalane og musikkscenene i byen
- bruke det gamle Munchmuseet og det gamle hovudbiblioteket til kulturformål eller formål som gagnar nærmiljøet
- gjera Munchmuseet til eit av verdas beste kunstmuseum
- arbeide for å realisere eit mellomaldermuseum i Gamlebyen
- sørge for at Oslo kommune bidreg til at Nasjonalgalleriet blir eit levande kunsthus
- etablere og vidareutvikle eit levande teiknspråkshus sentralt i Oslo, for blant anna å taka vare på teiknspråk som ein viktig del av den norske kulturarven
- tillata alkoholserveringar på idrettsarrangement
- taka vare på Kirkenær ballettskole som kultur- og idrettstilbod til barn, unge vaksne og eldre i heile Oslo

## Kulturopplevingar for alle

Venstre vil at alle skal ha moglegheit til å oppleva kunst og kultur, uavhengig av alder, inntekt og funksjonsevne. Vi vil legge til rette for gratis kulturtildelning og festivalar, for eksempel musikkens dag, og etablere fleire elevplassar i kulturskulen.

### Venstre vil

- etablere fem nye barne- og ungdomsbibliotek, Biblo, blant anna på Grorud, Holmlia, Stovner og Majorstua
- sikre støtte til konsertarrangørar som arrangerer konserter utan alkoholservering eller med alkoholfrie soner på arrangementa sine
- gjeva ungdom heilt opp til 18 år eit godt og variert fritidsklubbtildelning i heile byen, i form av blant anna Biblo, øvingslokale for musikk og e-sport-tildelning
- styrke samarbeidet mellom Oslo musikk- og kulturskule og private musikk- og kulturskuletildelning
- legge til rette for lokale scener i bydelane, med servering og aktivitetar i form av musikk, revy, teater, litteratur og e-sport

## Frivillig innsats

For Venstre er det heilt grunnleggjande at frivillig innsats er fri, og at han får utvikle seg på eige initiativ. Det offentlege skal ikkje styre kva retning det frivillige skal ta, kva aktivitetar som skal utførast, eller kva initiativ som skal takast. Kommunen si oppgåve er å legge til rette, blant anna gjennom å gjera skular og andre lokale tilgjengelege og å forenkle søknadsprosessane for frivillige organisasjonar.

### Venstre vil

- sørge for at kommunen jobbar på lag med dei frivillige
- sikre gode rammevilkår for frivillige organisasjonar med ulike kulturtildelning, for å skapa grunnlag for eit breitt og tilgjengeleg kulturliv, også gjennom rammene for bydelsbudsjetta
- auke støtteordningar til frivillige organisasjonar
- gje dei frivillige tildelning om å bruke fleire av kommunens lokale, blant anna gjennom meiropingstid etter modell frå biblioteka

## Idrett for alle

Organisert og uorganisert idrett er ein viktig del av livet til mange innbyggjarar. Det skapar fellesskap, samhald og gode opplevingar. I eit samfunnsperspektiv fremrar idretten betre folkehelse og integrering. Venstre vil føre ein moderne idrettspolitikk som spelar på lag med dei frivillige kreftene, for å gjera idretten tilgjengeleg for alle som vil vera med.

### Venstre vil

- gjeva tilskot til reduserte eigendelar til idrettslag i område av byen med låg deltaking
- auke opningstidene på idrettsarenaer, blant anna ved å sørge for at hallar er opne heile året
- ha meiropingstid i idretts- og kulturanlegg etter modell frå biblioteka
- setja krav om rett avpassa eigendelar i barne- og ungdomsidretten og prioritere at det finst lågterskeltildelning på alle kommunale idrettsanlegg
- fordele tid på kommunale anlegg slik at flest mogleg får delta i idrettsaktivitet
- ha gode lokale utlånsordningar for utstyr
- støtte opp om den uorganiserte og utradisjonelle idretten
- at alle mellom 12 og 18 år skal få eit ungdomskort som kan brukast til å dekkje kostnader for kulturopplevingar eller deltaking i fritidsaktivitetar på inntil 5 000 kroner i året
- ha eit nært samarbeid mellom AKS og idrettslag i heile byen
- ha gode idrettsliner på vidaregåande- og ungdomsskulenivå med nok plassar
- legge til rette for internasjonale idrettsarrangement, for eksempel ski-VM, sjakk-VM og X-games

## **Idrettsanlegg**

Oslo har stor mangel på kapasitet i mange idrettsarenaer, og ei viktig oppgåve framover vil vera å byggje nok arenaer for ei breidde av idretts- og sportstilbod, slik at innbyggjarane kan velja blant eit mangfald av tilbod.

### **Venstre vil**

- byggje nytt hovudbad på Tøyen og fleire nye bad rundt omkring i byen, der minst eitt bad skal ha olympiske mål, inkludert stupeanlegg
- samarbeide med idretten for å sikre at det blir bygd ut eit variert utval av idrettsarenaer i Oslo
- stille krav om utvikling av kultur- og idrettsanlegg i nye områdereguleringar
- ha kommunale tilskot til prioriterte idrettsanlegg som blir bygde i regi av idrettslag
- arbeide for å leggje idrettsanlegg på større takflater av nye og eigna eksisterande bygg
- betre anleggsdekninga, spesielt i indre by, der dekninga i dag er låg, og i område der det ikkje finst etablerte idrettslag
- byggje ny innandørs arena for skøyter og bandy på Valle Hovin

## **Næringsliv**

Næringspolitikken i Oslo skal leggje til rette for gode og sikre arbeidsplassar, og du skal enkelt kunna skapa ein arbeidsplass for deg sjølv og andre. Dette kan vi gjera ved å la dei små bedriftene og oppstartsmiljøa draga nytte av at Oslo er Noregs største kunnskapsby. Dette blir best gjort ved å byggje naudsynt infrastruktur og attraktivitet som trekker til seg dei mest kreative hovuda, dei beste forretningsutviklarane og dei største investeringsmiljøa. Næringspolitikken i Oslo skal vera moderne og næringsnøytral, og han skal leggje til rette for eit seriøst og lønsamt næringsliv.

### **Venstre vil**

- vidareutvikle gründerkursa og mentorordningane i kommunen
- gå gjennom korleis kommunen praktiserer anskaffingsreglementet, for å fremja innovative anskaffingar, grøne anskaffingar, gründervele ge anbodskontraktar, betre konkurranse og mindre detaljerte kravspesifikasjonar
- trekke meir privat, risikovillig kapital for gründerar til Oslo
- styrke samarbeidet mellom kommunen, utdanningsinstitusjonane, forsking og næringsliv
- vidareutvikle det internasjonale næringssamarbeidet i Oslo
- styrke Oslos posisjon som leiande turistby
- leggje til rette for etablering av eit internasjonalt kongressenter i Oslo
- byggje Oslo som kunnskaps- og kompetanseby, ved å leggje til rette for gründerar, investorar og forskarar
- ha god opplæring i entreprenørskap og innovasjon i Oslo-skulen, i tillegg til eit breitt tilbod av kreative fag, for å førebu elevar som vil skapa sin eigen arbeidsplass
- vidareutvikle kompetansen i byen innan yrkesfag, handverk og design
- sørge for at handverkarar, varelevering og andre næringsdrivande skal kunna operere i heile byen, inkludert sentrum, blant anna ved gratis parkering for handverkarar på oppdrag
- leggje til rette for næringslokale i fyristetasjar i indre by og krevja det i nye utbyggingar nær sentrum og knutepunkt
- utvide skjenkjetidene og opne for meir differensierte opningstider basert på kulturell profil, avstand til bustadområde o.l.
- innføre permanente skjenkjeløyve og styrke kontrollen
- kjempe imot arbeidslivskriminalitet, særleg i utsette bransjar som utelivs- og byggjebransjen
- vidareføre samarbeidet med politiet og skatte- og avgiftsstyresmaktene, for å avdekkje økonomisk kriminalitet og brot på bestemmingar om arbeidsmiljø og HMS

## **Kapittel 4 - Byutvikling**

Den viktigaste oppgåva i byutviklingspolitikken er å sørge for kvalitet og gode buområde i ein veksande by. Venstre ynskjer ein moderne og miljøvenleg politikk som kombinerer utvikling av nye område med vern av dei kvalitetane som finst i byen. Byutviklinga skal sørge for at det er godt å bu i Oslo, og at det er enkelt å leva eit miljøvenleg og godt liv i byen. Alle utbyggings må difor vurderast ut frå om dei styrker kvalitetane i byen innan arkitektur, miljø og byutvikling.

For å møte den venta folkeveksten vil Venstre leggje meir ressursar inn i å utvikle område som i dag blir brukte til blant anna hamn, industri og lager, til bustader og nytt næringsliv. Samtidig vil Venstre halde på Marka-grensa, småhusområda, parkar og kulturminne. Med denne byutviklingspolitikken vil vi kunna byggje nok bustader utan å øydeleggje viktige verdiar for innbyggjarane i Oslo.

### Nye utbyggingsområde

Svaret vårt på bustadutfordringa er å byggje ut dei gamle industri- og hamneområda til nye bustadområde, fordi det er her det store potensialet for bustader ligg. Venstre stod i spissen for å realisere Fjordbyen, der hamneområda i sentrum vart utvikla til nye, attraktive bustadområde. Vi meiner at det neste store byutviklingsprosjektet i Oslo skal vera ei utvikling av områda langs Alnaelva og Hovinbekken til ein moderne og levande bydel, med bustader, kultur og næring.

#### Venstre vil

- prioritere å utvikle områda langs Alnaelva med høg kvalitet og mange bustader framfor for eksempel utbygging i småhusområde
- planleggje områda langs Alnaelva og Hovinbekken som Oslos neste store bydel, med mangfaldig kultur, næringstilbod og grøne område
- realisere Filipstad og resten av Fjordbyen som eit attraktivt og grønt byområde med plass til alle
- sørge for at det blir utvikla god kollektivdekning i dei nye utviklingsområda, og at gåande, syklande og kollektivreisande blir prioriterte
- sørge for at dei nye områda blir bygde ut med variert arkitektur, mangfaldige kulturstader og utoverretta tilbod i fyrsteetasjane
- sikre nok areal til skular, barnehagar og andre sosiale og kulturelle tilbod i nye område
- sørge for å byggje opp «Smart Oslo», med blant anna smarte energi- og transportløysingar
- sørge for at Politihøgskulen heller blir flytta til Groruddalen enn ut av Oslo
- jobbe for at NRK legg dei nye lokala sine til Groruddalen
- effektivisere Alnbruterminalen, for å frigjera areal til byutvikling, på sikt må delar av verksemda flyttast til meir moderne og mindre arealkrevjande terminalar
- unngå unødvendig graving gjennom betre koordinering

### Kvalitet i bustadene

Det blir bygd for mange bustader av därleg kvalitet i Oslo. Presset for å få maksimal utnytting i kvart prosjekt går ut over tilgangen på ljós, luft, uteareal og materialval. Venstre vil stille strenge krav til utbyggingsprosjekt, for å sikre at bustadene i framtida blir gode for beboarane.

#### Venstre vil

- ha gode og tidlege medverknadsprosessar i arealplanlegginga, for å ta hand om behova og ynska til innbyggjarane, Oslo skal vera best på medverknadsprosessar
- godtgjera utbyggingsprosjekt med høg kvalitet på arkitektur og bummiljø, for eksempel større takhøgd, gode planløysingar, gode ljósforhold og gjennomgåande leilegheiter, ved å tillata noko høgare utnyttingsgrad
- halde på kravet om bygging av nok store leilegheiter i sentrum aust, men tillata bygging av små leilegheiter tilpassa fyrstegongskjøparar i delar av byen som frå før har mange store leilegheiter
- sørge for gode grøntareal i nærleiken til alle bustader

- ha meir bruk av fargar, material av høg kvalitet, utsmykking og høg arkitektonisk kvalitet
- helst byggje nye byområde i kvartalsstruktur med grøne bakgardar
- legge til rette for alternative buformer, blant anna kollektiv der fleire aldersgrupper bur saman
- blande næringsareal og bustadareal, for å skapa ein levande by
- stimulere til auka bruk av tre som byggjematerial og kretsløpstankegang i nye utbyggingar

### **Oslo sentrum**

Venstre ynskjer eit Oslo sentrum som tek vare på den historiske byen, legg betre til rette for at folk kan bruke byromma, og samtidig utviklar byen til ein grøn og moderne hovudstad.

For å sikre eit mangfaldig og levande bysentrum bør det byggjast fleire bustader i Kvadraturen, slik at byen ikkje blir tømd etter arbeidstid. Samtidig er kontorlokale og næringseigedom lokalisert nær dei største kollektivknutepunkta viktig for å redusere behovet for bil, og dermed redusere miljøbelastinga i byen.

Mange utbyggjarar utfordrar dei vedtekne avgrensingane på høgder i byen, og altfor ofte får dei lov til å byggje utover det som bystyret har sett som grense. Venstre vil ha ein slutt på denne utviklinga og handheve dei høgdeavgrensingane som er vedtekne.

### **Venstre vil**

- redusere den totale trafikkbelastinga i Oslo ved å få fleire kontor ved dei aller største kollektivknutepunkta, særleg nær Oslo S, men òg på Helsfyr, Bryn og Lysakerbyen
- som hovudregel halde på dagens høgdeavgrensingar og ikkje tillata avvik frå dei høgdereglane som blir fastsette
- opne for bygging av eit fåtal høghus i sentrum, nær Oslo S, dersom desse har høg arkitektonisk kvalitet og bidreg positivt til byutviklinga, blant anna på delar av tomta til Galleri Oslo, dersom det kan bidraga til at Akerselva kan opnast heilt fram til Oslo S og parken ved Vaterland kan forlengjast
- at det skal bli etablert fleire bustader i Kvadraturen
- arbeide for ei trinnvis og nedskalert utbygging av nytt regjeringskvartal
- sørge for at kommunen som gardeigar og leigetakar bidreg til byliv i omgjevnadene sine, for eksempel ved utoverretta verksemد på gateplan
- styrke bylivet i sentrum gjennom å oppretta eit felles samarbeidsorgan for utvikling av Oslo sentrum

### **Halde oppe kvalitetane i byen**

Ikkje alle stader er eigna for utbygging. Nokre stader er ferdig utbygde, andre stader må det takast omsyn til dei som allereie bur der, eller til viktige kulturminne, naturverdiar og kulturmiljø. Venstre vil halde på Marka-grensa og verne parkane og grøntområda i byen frå utbygging gjennom ei park(a)-grense.

Småhusområda har ofte därlegare kollektivdekning, og ei sterk fortetting her bidreg berre til meir bilkøyring. Fortetting i småhusområda endar ofte med å endre karakteren på heile område og er ikkje ynskjeleg. Likevel blir småhusområda stadig utfordra av utbyggjarar som ynskjer å rive småhus for å byggje blokkar. Difor ynskjer Venstre eit sterkare vern av småhusområda.

### **Venstre vil**

- taka vare på småhusområda på Nedre Grefsen, Slemdal, Smestad og liknande velfungerande buområde
- styrke vernet av småhusområda ved å redusere maksimal utnyttingsgrad og vera restriktive med dispensasjonar for å unngå prosjekt av därleg kvalitet

- sikre eit sterkt vern av Marka og ikkje tillata nokon byggeprosjekt som bryt med Marka-grensa
- verne alle grønt- og friområda i byen og tilføre nye friområde ved oppkjøp av tomter som ligg riktig til i den tette byen
- at utbygging ikkje skal gå på kostnad av naturområde, parkar, grøntdrag, friområde eller biologisk mangfold
- innføre prising av alle grøntområda i byen, slik at midlertidig bruk kostar like mykje som det skadar
- ikkje byggje ut Gjersrud-Stensrud før det er sikra ei løysing som oppfyller målet om at veksten i persontrafikk skal takast med kollektivtrafikk, sykkel eller gang
- taka vare på kulturminna i byen og utvikle dei gjennom bruk og vedlikehald
- verne om mellomalderbyen med ruinparken, Oslo torg, Ladegården og Middelalderparken blant anna ved å følgje opp arbeidet med å flytta fire lokale bussruter bort frå torget og sikre at nokre mellomalderbygningar blir ført opp att fram mot byjubilea i 2024
- innføre fleire gatetun, parkar og liknande mellom bygardar, i staden for dagens tovegskyrde gater og gateparkering
- prioritere god stadutvikling til beste for alle bebruarar i områda ved framtidige knutepunkt- og stasjonsutvikling
- sikre bevaring av murbyen

## Kapittel 5 - Helse og sosial

Alle har behov for tryggleik i kvardagen. Vi treng ein stad å bu, noko meiningsfylt å fylle dagane våre med og å sjå moglegheiter for eige liv. Oslo skal vera ein by for alle, uavhengig av alder, bakgrunn, identitet og livssituasjon. For oss i Venstre tyder det at kommunen må sikre eit mangfaldig tenestetilbod som tek ynska og behova til folk på alvor.

Venstre vil føre ein helse- og sosialpolitikk som hjelper alle menneske å leva eit mest mogleg sjølvstendig og godt liv, og som gjev ein ny sjanse til dei som fell utanfor. Difor må tilbodet bli trappa opp til dei som treng det mest, nemleg dei mest sårbare og utsette menneska i samfunnet. For å lykkast med dette må tilboda i større grad enn i dag dreie seg om å følgje opp den enkelte og gjeva tilpassa tenester til kvar enkelt.

### Helse

Venstre vil føre ein helsepolitikk som gjer at alle får eit godt helsetilbod om noko skulle skje, og samtidig førebyggje helseproblem. For mange er det ein enkel jobb å orientere seg i helsevesenet, men nokre av dei som har mest behov for hjelp, får ikkje tett nok oppfølging til å lykkast. Ein moderne helsepolitikk må taka i bruk ny teknologi, samtidig som ein i større grad må følgje opp dei med store omsorgsbehov.

### Venstre vil

- halde på fritt sjukehusval
- byggje ei ny og moderne legevaktsentral på Aker
- ha ei forsøksordning for kommunalt finansierte helsetenester der ein tek i bruk ny teknologi til digitale konsultasjonar på nett
- prøve ut nye modellar for fastlegeordninga som kan gjeva betre tilbod til befolkninga og betre arbeidsvilkår for legane
- utvide informasjonstilbodet om kvinnehelse ved helsestasjonane og frisklivs- og meistringstilboda i bydelane, og i tillegg leggje til rette tilbodet for minoritetskvinner
- auke kapasiteten til LHBT+-helsestasjonstilbodet i OsloFolkehelse
- redusere talet på deltidsstillingar i eldremomsorga og i omsorgsbustader for psykisk og fysisk funksjonshemma, blant anna gjennom alternative turnusordningar
- utvide tilboda om helsestasjon for ungdom i bydelane
- sikre tilbod om frisklivssentralar i heile byen
- stimulere frivillige organisasjonar til å etablere miljøskapande møtestader i alle bydelar

- tilby gratis prevensjon for kvinner opp til 24 år og også tilby det til jenter under 16 år
- gjeva tilbod om ei god svangerskapsomsorg
- ha ei god barselomsorg etter fødsel og i fyrste leveår

### Sjukehus

Eit godt sjukehustilbod er heilt sentralt for tryggleiken og helsa til innbyggjarane. Difor er det avgjerande at Oslo kommune arbeider for å påverke korleis helsetilbodet blir i byen, sjølv om sjukehustilbodet i Oslo er fastsett av nasjonale styresmakter.

### Venstre vil

- ha ein heilskapleg plan for sjukehusbehovet i Oslo-regionen som sikrar at framtidig sjukehuskapasitet står i samsvar med befolkningsvekst og behov, og at kostnadene ved eventuell nybygging blir haldne under kontroll
- prioritere nytt Aker sjukehus først som nytt lokalsjukehus for Oslo
- stille krav om ei ny utgreiing av bevaring og utbygging av Ullevål sjukehus, før ei eventuell utviding av OUS på Gaustad
- vidareutvikle best mogleg pasientbehandling, og gode eksisterande fagmiljø skal vera sentrale omsyn i alle strukturendringar

### Psykisk helse

Omtrent halvparten av den norske folkesetnaden blir ramma av ei psykisk lidning i løpet av livet. Angst og depresjon er blant dei største folkehelseproblema, men òg noko av det som er enklast å førebyggje. Venstre vil sikre rask og betre psykisk helsehjelp, utvide lågterskeltilbodet og styrke ettervernet.

### Venstre vil

- opprette aktivitetsgrupper i samarbeid med frivillige og andre, for både unge og eldre som slit for å strukturere kvardagen for dei som treng det
- støtte oppstarten av fleire Fontenehus og sikre formelt samarbeid med den offentlege delen av behandlingskjeda
- arbeide for oppsökjande psykisk helsearbeid med «fleksibel aktivt oppsökjande behandling»-lag (FACT-team) i alle bydelar, og teste ut eit eige FACT-team for ungdom
- etablere lågterskel psykisk helseteam i alle bydelar
- vidareføre og utvikle UngArena til fleire bydelar
- utvikle eit betre oppfølgingsprogram for utskrivne pasientar innan psykisk helse

### Rusomsorg

Venstre vil ha ei reform av rusomsorga i Oslo. Over heile verda går det føre seg ei nytenking i ruspolitikken. Den mest alvorlege konsekvensen av ein feislått narkotikapolitikk er overdosedødsfall. Noreg har over lengre tid vore i europatoppen i overdosedødsfall per innbyggjar.

Venstre vil redusere ventetida for rusbehandling, auke ressursane i fyrstelina og sikre eit betre ettervern av rusavhengige. Rusmisbruk må møtast med behandling framfor straff, og vi må sjå på nye modellar for regulering av rusmiddel.

### Venstre vil

- gjeva tilbod om støttekontakt for rusbrukarar, for å styrke samhandlinga og redusere kjensla av å vera ein evig «kasteball»
- auke støtta til behandling av rusavhengige med psykiske lidningar
- styrke og sikre dei frivillige aktørane på rusfeltet i Oslo og gjeva dei eit større ansvarsområde
- gjeva rusbrukarar og tidlegare rusbrukarar tett bu-oppfølging, digital opplæring og eit gjevande aktivitetstilbod, inkludert lågterskeljobb og opplæring til tidlegare rusbrukarar

- opprette fleire mellombels overnatningsplassar, tidlegare rusavhengige skal ikkje måtte bu på hospits saman med andre i aktiv rus
- ha eit godt LAR-tilbod, som inkluderer heroinassistert behandling for dei som kan ha nytte av det, og også nye former for substitusjonsbehandling
- utvide brukarromtilbodet med døgnope tilbod og mobile rom og tillata fleire typar rusbruk i sprøyterommet for å redusere skadar
- tilby anonym testing av rusmiddel, slik at spesielt skadelege og giftige middel blir oppdaga
- søkje om forsøk med regulert sal av lettare rusmiddel i kommunal regi, for å redusere den kriminelle omsetninga og få auka kontroll over salet
- styrkje ettervernet og sørge for høg kvalitet på pakkeforløp i rusbehandling
- etablere ein tilhaldsstad for rusavhengige
- styrkje switch-programmet, for at fleire skal røykje i staden for å injisere

### **Eldreomsorg**

Kvar enkelt av oss har ulike ynske og forventningar til korleis alderdommen skal vera. Venstre vil møte alle eldre med ei moderne eldreomsorg som gjev valfridom og tek i bruk teknologi, slik at alle får moglegheita til å leva eit fritt, sjølvstendig og innhaldsrikt liv. Vi vil leggje til rette for at eldre menneske kan få eit omsorgstilbod tilpassa sine behov og interesser, dekt av det offentlege.

#### **Venstre vil**

- skapa profilsjukeheimar og omsorgsbustader med ulike tilbod til den eldre som òg omfattar fleire demenslandsbyar og omsorgsbustader med ulik grad av tilrettelegging
- byggje sjukeheimspllassar i tråd med det auka behovet i åra som kjem
- stoppe rekomunaliseringa av velfungerande private sjukeheimar og sikre ei blanding av ideelle, kommersielle og kommunale sjukeheimar
- styrkje heimetenesta, blant anna med velferdsteknologi og innovative tenester, slik at fleire som ynskjer det, kan bu heime lenger
- auke talet på årsverk i heimetenesta for å gjeva eit betre tilbod, og auke ramma for tildeling av timer opp mot snittnivå på landsbasis
- halde på det frie brukarvalet i heimetenesta
- opprette legestillingar knytte til heimetenesta direkte for oppfølging av dei som ynskjer å bu heime
- stimulere til etterutdanning av dei tilsette i omsorgssektoren
- taká i bruk sosialt entreprenørskap i hjelpetenesta til eldre, for eksempel praktisk og digital hjelp, samtalar og turar
- sørge for at alle sjukeheimar tilbýr god og næringsrik kost
- sørge for nok bemanning, også på kveldstid, slik at dei eldre føler seg trygge
- sørge for tilrettelagde aktivitetstilbod på sjukeheimane

### **Sosialpolitikk**

Venstre møter sosiale problem med sosiale verkemiddel. Alle skal ha mogleheit til å leva eit trygt og godt liv i Oslo. Nokre har gode føresetnader for å skapa det livet dei ynskjer seg, andre treng støtte på vegen. For Venstre er det viktig at kommunen og frivillige aktørar er der når menneske treng den støtta.

Mange, inkludert sexarbeidarar eller fattige tilreisande, har ofte ein krevjande livssituasjon. I Oslo skal dei møtast av eit tillitsvekkjande hjelpeapparat, som sikrar tryggleiken og helsa deira. Oslo må ha sosiale ordningar som sikrar at alle får dekt dei grunnleggjande behova sine.

#### **Venstre vil**

- auke støtta til frivillige aktørar som tek hand om sexarbeidarar og offer for menneskehandel
- dele ut valdsalarm til særleg utsette sexarbeidarar

- arbeide for å byggje opp att tilliten mellom sexarbeidrarar og politiet / andre styresmakter
- arbeide for å oppheve forbodet mot å kjøpe sex og styrke innsatsen mot utnytting, vald og menneskehandel
- seja nei til tiggeforbod
- tilby tilgjengeleg dusj og toalett der det er behov til menneske som bur ute
- auke kapasiteten på akutte overnattingsplassar
- kunna vise menneske som sør på offentlege område til andre tilbod, men ikkje bøteleggje dei
- at fattige tilreisande og papirlause skal ha eit lågterskeltilbod om helsehjelp

### Kommunalt bustadtilbod

Alle innbyggjarar i Oslo fortener verdige buforhold. Nokre vil ha behov for å leige ein communal bustad, medan andre treng hjelp til å koma inn på bustadmarknaden. For Venstre er det viktig å ha ei betre geografisk sprenging på kommunale bustader over heile byen, og det er viktig å unngå konsentrasjon av mange kommunale bustader på avgrensa område. I tillegg vil vi prioritere å busetja barnefamiliar i område med ein låg del kommunale bustader, låg innvandrardel og få levekårsutfordringar, for å fremja integrering og sosial mobilitet.

### Venstre vil

- auke talet på kommunale bustader i tråd med behovet og hjelpe eksisterande beboarar over i ordinær bustad
- ha eit maksimumstal på kommunale bustader per delbydel, ikkje etablere nye kommunale bustader der denne grensa er overskriden, og selja eksisterande bustader etter kvart som dei blir ledige, fram til ein kjem under denne grensa
- nytte forkjøpsretten til kommunen i større bustadbyggingar i område med få kommunale bustader, med mål om å kjøpe fem til ti prosent av leilegheitene for kommunale bustader
- ha tilrettelagde og forsterka kommunale bustader til grupper med låg buevne og vurdere om fleire av dei med därlegast buevne ville fått eit betre tilbod på institusjon
- legge til rette for at fleire i sårbare grupper kan eige eigen bustad, blant anna gjennom å gjeva moglegheit til å kjøpe seg opp gjennom «leige til eige»-ordningar
- utgreie nye modellar for bustøtte og husleige i kommunale bustader, med sikte på reduserte kostnader for leidgetakarane og mindre fattigdomsfeller
- at flyktningar som får communal bustad, skal hjelpast med å utarbeide ein plan for eige bustadkjøp
- sikre brukarmedverknad og barnas beste i tildeling av kommunale bustader
- sikre erstatningsbustad for leidgetakarar i kommunale bustader under oppussing og liknande
- utgreie om Boligbygg bør få ansvar for å byggje fleire ikkje-kommersielle utleigebustader
- aktivt bruke den kommunale forkjøpsretten til leigegardar til fordel for beboarar når desse ynskjer det
- sørge for at kommunen dekkjer behovet for tilpassa bustader for personar med nedsett funksjonsevne

### Kapittel 6 - Tryggleik, arbeid og mangfold

Oslo har store levekårsutfordringar i mange ulike delar av byen. Arbeidsløyse, låg inntekt og därleg helse kan føre til utanforskap og avgrense folks fridom. Ein hovudårsak til at familiarer har varig låg inntekt, er at ein eller både foreldre er utanfor arbeidslivet.

Venstre vil at alle skal få ein sjanse til å lykkast i Oslo og vera trygge på at dei ikkje blir utsette for diskriminering og undertrykking. Å kjempe mot kriminalitet og vald er naudsynt for å kunna gjeva folk den fridomen og tryggleiken dei treng.

## **Tryggleik**

Oslo er ein trygg by med lite kriminalitet samanlikna med dei fleste andre storbyar. Det er likevel naudsynt å styrke innsatsen for å halde på denne situasjonen, spesielt ettersom ein mangeårig nedgang i ungdomskriminaliteten nå har snudd. Det er òg viktig med særskilde tiltak for å gjeva ein trygg kvardag for dei som er mest utsette i byen vår.

### **Venstre vil**

- vidareutvikle eit tett og godt samarbeid mellom kommunen og politiet, med Politirådet og Politiutvalet som basis
- vidareføre og styrke det kriminalitetsførebyggjande SALTO-samarbeidet mellom kommunen og politiet
- utvide ordninga med oslovakter/bybetjentar og prioritere opp ansvaret deira for tryggleiksskapande arbeid
- sørge for at unge som utfører fleire kriminelle handlingar, raskt møter førebyggjande tiltak og preventive straffreaksjonar som ungdomsstraff eller påtaleunnlating med særskilde villkår
- sikre god lyssetjing i parkar og gater
- opprette eit nytt gjengprosjekt for å slå ned på den organiserte gjengkriminaliteten i byen
- sikre finansieringa av krisesenter og passe på at kapasiteten er stor nok til å dekkje behovet
- tilby eigna bustad etter opphold på krisesenter når eit offer ikkje kan flytta heim, og tilby anna hjelp til offera etter dei har flytta
- auke bruken av omvend valdsalarm
- styrke førebyggingsarbeidet mot vald i nære relasjonar
- sikre tidleg innsats frå barnevernet og bydelar der det er mistanke om vald i nære relasjonar

## **Arbeid og velferd**

NAV er det viktigaste verktøyet for å få fleire i arbeid og forhindre utanforskap og fattigdom. Gjennom avbyråkratisering til fordel for tett og heilskapleg oppfølging, og eit meir utstrekkt samarbeid med frivillige organisasjonar og næringsliv, kan Oslo lykkast langt betre med å takle levekårsutfordringane i byen.

### **Venstre vil**

- opprette eigne team som arbeider tett opp mot barnefamiliar med dårlig råd, for å gjeva tilpassa, rask og heilskapleg hjelp
- ha felles leiing av NAV-kontora og arbeide for at ein jobbar på tvers med kvar enkelt brukar
- ha som mål at folk som vender seg til NAV for å få hjelp, skal vera i dialog med ein person innan 48 timer
- gjera det enklare å få stønad medan ein er i vaksenopplæringa
- styrke ordninga med brukarstyrt personleg assistent (BPA)
- la NAV-kontora få rom og moglegheit til å utvikle seg og gjera ting på nye måtar som kjem innbyggjarane til gode
- styrke sosialtenestene med auka ressursar til å yte tett og individuell oppfølging, for å hjelpe fleire ut i ordinært arbeid

## **Mangfold og moglegheiter**

Venstre vil føre ein meir offensiv integreringspolitikk der vi stiller krav og gjev moglegheiter. Mangfold, integrering og moglegheiter for alle er mål som gjennomsyrer alle delar av Venstres politikk. Utdanning, arbeid og bustad er det viktigaste for ei god integrering.

### **Venstre vil**

- sikre at religiøse og kulturelle normer ikkje hindrar barn i å delta i undervising, samtidig som det religiøse og kulturelle mangfaldet blant elevane blir respektert
- likebehandle trus- og livssynssamfunn

- kjempe mot all diskriminering basert på bakgrunn, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, kjønnsidentitet, funksjonsevne og religion
- kjempe mot skadeleg sosial kontroll og undertrykkjande kulturell og religiøs praksis
- arbeide for fleire etter-skule-fritidstilbod i regi av både private og kommunale aktørar
- innføre eit mentorprogram i Oslo-skulen, med sikte på å gjeva minoritetselevar fleire vegar inn i arbeidslivet
- arbeid for å auke foreldredeletakinga både i skulen og i fritidsordningar
- auke tilboden om sommarjobbar for ungdom, spesielt retta mot minoritetsungdom, og forenkle tilsetjingsprosessane for slike jobbar
- innføre anonymiserte søkerader til kommunale stillingar
- utgje moglegheita for å overføre ansvaret for introduksjonsprogrammet for innvandrarar frå bydelane til kommunen
- at introduksjonsprogrammet i større grad skal ha som mål at deltakarane får formell kompetanse på grunnskule-, vidaregåande-, fagskule- eller universitetsnivå
- gjera det lettare å kombinere deltaking i introduksjonsprogrammet med ordinært arbeid
- tilby plass på språkopplæringa for flyktningar til arbeidsinnvandrarar mot ei moderat betaling
- gjera norskundervisinga betre og meir tilrettelagd
- forbetra norskundervisinga for innvandrarar med betre metodar, slik at dei raskare tileigner seg praktiske norskkunnskapar

## Kapittel 7 - Skatt og organisering av kommunen

Venstre er oppteke av å føre ein ansvarleg og berekraftig økonomisk politikk. For å kunna levere stadig betre tenester i framtida skal Oslo vera leiande på nye og moderne løysingar som gjev meir velferd og tilbod for pengane.

### Effektiv og smart kommune

Venstre vil at Oslo skal bli ein kommune med fleire digitale løysingar og ei meir effektiv drift, slik at vi kan bruke meir pengar på tenester nær innbyggjarane.

Venstre vil

- gjennomføre ei bydelsreform og flytta meir makt, ressursar og oppgåver til bydelane, og la bydelsutvalet tilsetje bydelsdirektør
- innføre innskotspensjon i fleire delar av kommunen
- ha som mål at veksten i tilsette i kommunen skal vera lågare enn veksten i folketaket
- opne for at private og ideelle aktørar kan drifte kommunale tenester når dei kan levere like god eller betre kvalitet
- la fleire eldre stå i jobb etter fylte 70 år når arbeidsgjevar og arbeidstakar ynskjer det
- stille miljøkrav til investeringane i kommunen
- endre overtalsordninga i Oslo kommune slik at ein tilbyr relevante jobbar til dei som blir overtalige, tilbyr kompetanseheving til dei som ikkje har naudsynt kompetanse for tilgjengelege stillingar, og seier opp dei som det ikkje er behov for etter det
- ved konkurranseutsetjing av kommunale oppgåver skal det leggjast stor vekt på kvalitet, miljø og gjennomføringsevne hjå tilbydar, og det skal leggjast opp til ein sunn framtidig konkurranse mellom tilbydarane
- bruke digitalisering og automatisering aktivt til å redusere kostnadene i kommunen og auke kvaliteten på tenestene

### Skattar og avgifter

Oslo er ein dyr by å bu i, difor må ikkje kommunen bidraga til at det blir enda dyrare å bu her. Venstre ynskjer å redusere skatte- og avgiftstrykket på innbyggjarane i byen.

#### Venstre vil

- fjerne eigedomsskatten på bustader innan 2023
- gjeva miljørabattar i form av reduserte byggjesaksgebyr til ENØK- og klimatiltak
- redusere kommunale avgifter gjennom meir effektiv drift av verksemdene i Oslo kommune

#### Ein open og demokratisk kommune

Innbyggjarar som ynskjer innsyn og medverknad i prosessar, opplever dessverre framleis at Oslo kommune er lukka og utilgjengeleg. Difor er det viktig for Venstre å sikre større openheit og meir offentlegheit i den kommunale forvaltinga.

#### Venstre vil

- at 16- og 17-åringar skal ha stemmerett ved kommuneval i Oslo
- sikre at moglegeheitene for innsyn i forvaltinga blir styrkte gjennom blant anna automatisk journalføring og publisering av saksdokument og gode søkjemotorar
- sørge for at offentlege dokument blir publiserte på nett i fulltekst, og at fleire kommunale dokument blir publiserte i format som gjer dei enklare søkbare enn i dag
- avgrense tilgangen til kameraovervaking
- stille strengare krav til lagring, bruk og vidareformidling av informasjon som er innhenta elektronisk av kommunen, blant anna i journalsystema